

Seljord - Kviteseid

via Telemarkskanalen

Lengde. Distance:
Sykkel/Bike 74.4 km.

Tid. Duration:
4 t/h.

Stigning. Gradient:
710 m.

Vanskelighetsgrad. Difficulty:
Krevende. Demanding

Underlag. Surface:
Asfalt, grus. Asphalt, gravel.



Dette er ein flott rundtur som kan starte både i Seljord og i Kviteseid sentrum. Turen tar deg gjennom eit vakkert og variert landskap, og du kan kikke etter den myteomspunne sjøormen i Seljordsvatnet og nyte den flotte opplevinga å sykle langs Telemarkskanalen. Ta deg tid til å sykle ned til kanalbrygga når du kjem til Fjågesundbrua. Her er det tilrettelagt for overnatting for syklistar og padlarar i det gamle pakkhuset. Planlegg gjerne ei natt her. Det er ikkje mogleg å booke på førehand, så prinsippet om fyrstemann-til-mølla gjeld. Du kan betale med Vipps, og du finn informasjon på staden. Dersom soveboksen skulle vera opptatt er det plass til å setje opp telt ved sidan av. Det er tilrettelagt med toalett, straum, senger og ein liten kjøkkenbenk. Ta med mat og sovepose.

Ønskar du å gjera sykkelturen til ei endå større oppleving, så kan du ta delar av turen på ein av kanalbåtane. Det er mogleg å ta kanalbåt frå Fjågesund brygge ved å bestille billetter på førehand på telemarkskanalen.no eller ringe bookingtelefonen i god tid før påstiging, slik at dei kan køyre innom: Tlf + 47 409 200 00. For påstiging ved Kviteseid brygge, sjå rutetabell på telemarkskanalen.no.

For meir informasjon om kva du kan oppleve på turen, sjå visitseljord.no.



This tour can be started both in Seljord and Kviteseid center. The tour takes you through a beautiful and varied landscape and you can look for the myth-covered sea serpent in the lake of Seljord and enjoy the great experience it is to cycle by the Telemark Canal. When you come across Fjågesund bridge, take the time to cycle down to the pier. Here it is arranged for cyclists and kayakers to spend a night in the old pack house. There is no pre-booking, so the first-come-first-served principle applies. You'll find information about payment on the spot. There is room to set up a tent, if it should be occupied in the sleeping box. The old pack house is equipped with toilet, electricity, beds and a small kitchen counter. Bring your own food and sleeping bag. We also recommend a boat trip with one of the Canal boats as a part of your bike experience. It is possible to board from Fjågesund by pre-booking tickets at telemarkskanalen.no or by calling the booking office in advance: Phone + 47 409 200 00. Boarding from Kviteseid requires no pre-booking. For timetable, go to telemarkskanalen.no. For more information about what you can experience on the trip, see visitseljord.no.




TELEMARK

Seljord - Kviteseid

via Telemarkskanalen



- Sykkellrute. Cycle route.
- Riksvei. Classified road.
- Fylkesvei. County road.
- Kommunal vei. Local road.
- Privat vei. Privat road.
- Traktorvei. Dirt road.
- Severdighet. Place of interest.
- Spisested. Restaurant.
- Bade plass. Outdoor bath.
- Turistkontor. Tourist office



Informasjon om sykling i Telemark/Information about cycling in Telemark: sykkeltelemark.no, ut.no, bikemap.net, trailguide.no